

04 1240 36



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
31.08.2005	MR 16313/2005	Kjell Erik Dyrli

Saksnr	Utval
	Samferdselsutvalet

Møtedato
7. september 2005

Fråsegn - Endringar i forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskrifta)

Bakgrunn

./ Samferdselsdepartementet har med brev datert 7. juli 2005, med vedlegg, til ei rekkje høyringsinstansar (Vedlegg 1) sendt ut på høyring eit utkast til endringar i forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy av 26 03 2003 nr 401. Endringa i utkastet er merka med kursiv.

Etter forslaget blir det mogleg å pålegge kollektivselskap å bruke ein felles standard for elektroniske billettsystem og at det kan opprettast eit landsdekkande, konkurransenøytralt informasjonssystem for kollektivtrafikken.

Vidare er det forslag om delegere til fylkeskommunen løyvemyndigheita for fylkeskryssande bil- og båtruter etter nærare retningslinjer for utøving av løyvemyndigheita. Elles er det nokre mindre tekniske endringar i yrkestransportforskrifta.

Frist for fråsegn til endringsforslaget er sett til 1. oktober 2005.

Kort oversikt over Samferdselsdepartementet sine endringsforslag

§ 3 Løyvemyndigheit

Etter yrkestransportlova § 13 er Samferdselsdepartementet løyvemyndigheit for rutetransport som går gjennom to eller fleire fylker. Med heimel i yrkestransportlova § 15 kan departementet delegere sine oppgåver til fylkeskommunen.

Bakgrunnen for forslaget er at fylkeskommunen allereie dag står for store delar av saksførebuinga og at røynslene med dette arbeidet er så gode at departementet ser det mest føremålstenleg at fylkeskommunen får ansvaret for heile sakshandsaminga.

Ekspressbusspolitikken er liberalisert for heile landet jf Stortingsmelding nr. 26 (2001-2002) "Betre kollektivtransport". Behovsprøvinga er avgrensa i forhold til lokale bil- og båtruter med tilskot.

Samferdselsdepartementet vil vere klageinstans for vedtak treft av fylkeskommunen.

§ 28 Ruteplan

Departementet foreslår retningslinjer for innhaldet i ruteplan for personruter og korleis rutene skal offentleggjerast for at informasjonen, også lett skal kunne nyttast i ein nasjonal konkurransenøytral reiseplanleggjar som t d telefonnr 177, internett, tekstmelding mm. Dette krev at rutetabellar, haldeplassregister m m er tilgjengeleg på same format frå same kjelde.

I samband med informasjon om ruter er det nødvendig med heimel for innrapportering tilpassa moderne (og framtidige) teknologiske løysingar for informasjonsbehandling, noko dagens krav om kunngjering i Rutebok for Norge ikkje gir.

§ 30 Billettering

Departementet foreslår vidare at det skal kunne stillast krav om bruk av elektroniske billettsystem. Den reisande treng då berre eitt kort som då gjeld som billett uavhengig av transportør og regionale grenser. Slike billettsystem vil gjere kollektivtransporten enklare å bruke og dermed meir attraktiv.

For kjøp av elektroniske billettsystem blir det utarbeidd ein felles standard. Standarden skal brukast ved bestilling av elektroniske billettsystem etter at forskriftsendringa har teke til å gjelde.

Samferdselsdepartementet si vurdering av økonomiske og administrative konsekvensar

Kort oppsummert meiner departementet at endringsforslaga ikkje har nokon vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar.

Vurdering

Samferdselsdirektøren har ikkje nokon vesentlege merknader til, og ser positivt på Samferdselsdepartementet sine forslag til endringar av yrkestransportforskrifta.

Forslag til vedtak:

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylke sluttar seg til Samferdselsdepartementet sitt forslag til endringar i yrkestransportforskrifta som går fram av ekspedisjon frå Samferdselsdepartementet datert 7. juli 2005.

Olav Brevik

Samferdselsdirektør

Kjell Erik Dyrli